



**Møteprotokoll
for
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Møtedato: 15.11.2017
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 14.00 – kl. 14.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Låstad		Medlem
Knut Tormod Bruvik		Medlem
Kåre Hagebø		Utvalsleiar
Vidar Pedersen		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Eide		Medlem
Åse Olsnes		Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Inge Johannes Reigstad		

Følgjande frå administrasjonen møtte: Utvalssekreteren og rådmannen. Sektorleiar for helse, omsorg og sosial møtte i samband med presentasjonen av budsjettet for sektoren.

Sakliste

Saknr	Tittel
007/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/17	Godkjenning av møtebok

007/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

15.11.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

RFF - 007/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

008/17: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 18.05.17 vert godkjend.

15.11.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaminga av protokollen vert utsett.

RFF - 008/17 VEDTAK:

Handsaminga av protokollen vert utsett til neste møte.

Tema for møtet:

Presentasjon av budsjett 2018 for sektoren helse, omsorg og sosial

Sektorleiar for helse, omsorg og sosial i Osterøy kommeune gav ein presentasjon av sektoren sitt framlegg til budsjett for 2018. Sektoren planlegger vesentlige omstillingar i 2018 og dei komande åra. Budsjettet har vore overskrid i lengre tid, og drifta av helsesektoren i Osterøy kommune er høgare enn landsgjennomsnittet. Det er difor eit mål å redusere driftskostnadene. Drifta av helsesektoren er kompleks, og det er difor utfordrande å peike ut kostnadsdrivarane. I tillegg er mange av sektoren sine oppgåver lovpålagde, slik at ein ikkje kan seie nei til behov som oppstår i løpet av budsjettåret. Ettersom ein forventar fleire av både yngre og eldre brukarar i framtida, er det behov for omlegging av drifta for å møte forventningar til tenestene i framtida.

For å optimalisere drifta over tid, har ei rekke tiltak verte iversett. Det gjerast ein gjennomgang av alle einingane for å undersøke korleis ein kan effektivisere drifta. Informasjonsarbeid innanfor sektoren der ein skal skape forståing for budsjettprofilen er viktig. Konsulenten Ottar Visst frå *OTV rådgivning* har undersøkt organiseringa av drifta i Osterøy kommune, og påpeiker at kommunen ser ut til å være meir på tilbudssiden enn på motivasjonssiden i sine tenester. Dette kan på sikt være med på å fremme større behov hos brukarane. Det er difor viktig å flytte fokus over på meistring hos brukarar og pårørande. Eit anna viktig verkemiddel for å optimalisere drifta er å ta i bruk ny teknologi som kan forenkle drifta.

Tre viktige faktorar for å betre drifta kan oppsummerast som:

- Tidleg innsats (samarbeid)
- Førebygging (unngå uheldig utvikling, slitasje, sikre mestring og meinig)
- Optimalisering av drift (organisering)

Oppsummering

- Budsjettet for 2018 skal no vere i tråd med tildelte vedtak, og årsverka som no er budsjettert, skal samsvare med vedtaka som er tildelte.
- I investeringsbudsjettet er teknologi prioritert for å støtte opp under tiltaka med optimalisering av drift.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknyting til saka.

I møtet var det informert av sektorleiar at representantar frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert invitert til eit møte på Osterøytytunet med konsulenten Ottar Visst frå *OTV rådgivning* onsdag 29.11.17.

Lonevåg, 24.11.17

Marie Thorsen
Utvalssekreterær

Kåre Hagebø, leiar

Aksel Låstad

Vidar Pedersen

